



ØRSTA KOMMUNE

Dalevegen 6

6153 ØRSTA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78

Ørsta kommune - vedtak i klagesak - detaljreguleringsplan for Melsgjerdet industriområde

Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak. Klagen blir ikkje tatt til følgje.

Fylkesmannen viser til kommunen si oversending av 02.12.19.

Kommunestyret har i møte den 05.09.19, under sak nr. 053/19, vedteke detaljreguleringsplan for Melsgjerdet med plankart rev. 29.08.19 og føresegner rev. 29.08.19. Føremålet med planen er å leggje til rette for næringstomter og avfallsanlegg med biogassanlegg, samt tilhøyrande anlegg.

Vedtaket er påklaga av Nils Olav Brekke, Olaug Brekke Harbak og Knut Brekke i brev datert 17.10.19. Klagarane er naboar til planområdet. Klagen rettar seg i hovudsak mot det planlagde biogassanlegget. Det blir i klagen stilt spørsmål ved planprosessen og at det ikkje er gjennomført ei konsekvensutgreiing. Klagarane peikar vidare på at området ligg langs Storelva som er eit nasjonalt laksevassdrag, og at utslepp frå industriområdet kan føre til forureining av elva. Det framgår vidare at dei vil påklage fylkesmannens utsleppsvedtak for saksbehandlingsfeil.

Formannskapet behandla klagen den 12.11.19, og under sak nr. 127/19 har dei halde fast på vedtaket i sak nr. 053/19. I medhald av plan- og bygningsloven (pbl) § 1-9 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageinstans.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles blir det vist til saksdokumenta.

Fylkesmannens merknader:

Klagen er levert innanfor lovbestemt klagefrist, og vilkåra for å behandle dette som ein klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34. Resultatet av klagebehandlninga kan bli at kommunen sitt vedtak blir stadfesta eller oppheva. Fylkesmannen kan derimot ikkje gjere endringar i reguleringsplanen utan å leggje saka fram for kommunen, jf. pbl. § 12-12.



Dei rettslege rammene for lovleg arealbruk i reguleringsplanar er fastsett i pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7. Kva som er hensiktsmessig arealbruk innanfor desse rammene er ei vurdering som er underlagt det frie skjønnet, og fylkesmannen skal i klagebehandlinga leggje stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyre, jf. forvaltningsloven § 34, 2. ledd, 3. pkt. Under føresetnad av at dei omsyna kommunestyret har lagt vekt på er saklege ut frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det i utgangspunktet opp til kommunestyret å avgjere korleis dei ulike omsyna skal avvegast. Ingen har såleis krav på at ein eigedom skal nyttast på ein bestemt måte i plansamanheng.

Området er frå tidlegare omfatta av reguleringsplan for Melsgjerd, vedteken 09.02.98. Området er i denne planen avsett til industriføremål. Der er opparbeidd tilkomstveg og bru som avvik frå tidlegare reguleringsplan, og ein del av føremålet med den no vedtekne planen har vore å endre regulert vegføring og innarbeide allereie gjennomførte endringar med bruplassering og tilkomstveg frå fv655. Vidare har ein gjennom planen ønskt å leggje til rette for eit mogleg biogassanlegg. Det er frå tidlegare gitt løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg i området.

Planprosessen og spørsmål om konsekvensutgreiing

Klagarane stiller spørsmål ved oppdelinga av saksbehandlinga i denne saka; først søknad om utsleppsløyve for deponi, så bygging av bru på ein annan stad enn denne var innteikna i tidlegare plan, og så varsel om mindre reguleringsendring.

Det er opplyst i saka at på tidspunktet for oppstart av reguleringsarbeid var det allereie gitt løyve/dispensasjon til bygging av bru/tilkomstveg og opparbeiding av tomt. På dette tidspunktet var det reguleringsplanen frå 1998 som var styrande for arealbruken. I samband med oppstartsvarsel var det vurdert om planprosessen kunne gjerast som ei mindre endring der føremål var å endre den interne vegføringa i området. På bakgrunn av at ein m.a. ville opne for utbygging av mogleg biogassanlegg vart likevel detaljreguleringsplanet for Melsgjerdet gjort som ei ordinær planendring. Det er elles ikkje noko krav at arealbruken må avklarast gjennom ein kommuneplan før ein kan vedta ei detaljregulering.

Når det gjeld spørsmålet om det er krav til konsekvensutgreiing av biogassanlegget, kan fylkesmannen ikkje sjå at dette vil vere omfatta av forskrifta vedlegg I nr. 10, og heller ikkje av vedlegg II nr. 11 b). Det er såleis ikkje krav til konsekvensutgreiing.

Fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til planprosessen i denne saka.

Omsyn til laksevassdraget

Tilhøvet til laksevassdraget er vurdert i samband med ROS-analysen og planomtalen. I planen er det sett av LNF-område mellom næringsområdet og elva, og det er vurdert at dette vil gi ein god bufferavstand til vassdraget. Det er òg stilt krav i føresegnene om handtering av overflatevatn for å sikre at dette ikkje drenerer til vassdraget. Vidare vil det gjennom konsesjon etter forureiningslova, både den som er gjeven og evt. framtidig konsesjon, vere fastsett vilkår for sikre mot forureining. For øvrige verksemder innanfor området vil dei generelle reglane i forureiningslova gjelde. Det er i planomtalen konkludert med at beskyttelsesregimet for nasjonale laksevassdrag ikkje er til hinder for å vedta planen.



Klagepunkt knytt til fylkesmannen sitt utsleppsløyve

Klagarane stiller spørsmål ved om fylkesmannen sitt utsleppsløyve er gyldig som følge av saksbehandlingsfeil og det som etter klagarane si oppfatning er urealiserbare vilkår.

Fylkesmannen ga den 30.11.17 løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg på Melsgjerdet (ikkje biogassanlegg). Det vart sett fleire vilkår til dette løyvet. Fylkesmannen sitt vedtak vart påklaga av dei same partane, og vart den 23.11.18 stadfesta av Miljødirektoratet. Direktoratet sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast vidare.

Det vedtaket som no er til klagebehandling er kommunen sitt vedtak om reguleringsplan. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gå inn på noko ny vurdering av saka om løyve etter forureiningslova i denne samanheng.

Oppsummering

Dei momenta som er teke opp i klagen har i stor grad vore vurdert i samband med planprosessen. Ut i frå dei opplysingar som ligg føre og etter ei vurdering av dei synspunkt som er lagt fram, har fylkesmannen ikkje merknader til sakshandsaminga eller kommunen si arealbruksvurdering i denne saka. Klagen har såleis ikkje ført fram.

Fylkesmannens vedtak:

I medhald av plan- og bygningsloven § 1-9, jf. forvaltningsloven § 34 og rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet, stadfestar fylkesmannen Ørsta kommune sitt vedtak i sak nr. 053/19.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningsloven § 28.

Klagar er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Bente Thornes Kosberg
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VOLDA OG ØRSTA	Torvmyrane 29	6160	HOVDEBYGDA
REINHALDSVERK IKS			
Olaug Brekke Harbak	Dalevegen 273	6156	ØRSTA
Knut Brekke	Mosseveien 8 A	0193	OSLO
Nils Olav Brekke	Brungotvegen 60	6156	ØRSTA